



Det kongelige Landbruk- og matdepartement

Sakshandsamar:

Annlaug Kjelstad

Telefon:

578 16123

Vår ref.

AHK/14/540-5/K2-V00, K3-&13

Dykkar ref.

Dato:

22.12.2014

Høyring - Konesesjonslova og buplikt.

Sjå vedlagt saksutgreiing og vedtak i sak 093/14.

Med helsing

for

Annlaug Kjelstad
Kommunalsjef plan og næring

Janne L Svorstøl
Sekretær

Dok.dato
23.11.2014

Tittel
Høyring - Konesesjonslova og buplikt

Dok.ID
55101

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Utval FORMANNSKAPET	Møtedato 08.12.2014	Saksnr. 093/14	Sakshandsamar AHK
-------------------------------	-------------------------------	--------------------------	-----------------------------

Saksansv.: Annlaug Kjelstad	Arkiv: K2-V00, K3- &13 Objekt:	Arkivsaknr 14/540
	Avgjerd av:	

Høyring - Konesjonslova og buplikt

Vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.10.2014	Det kongelege Landbruk- og matdepartement	Høyring - Forslag om å oppheve konsesjonslov og buplikt
3	I	28.11.2014	Naustdal bondelag	Innspeil til endring av konsesjonslova.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Saksopplysningar:

Departementet skriv i høyringsbrevet følgande:

«Landbruks- og matdepartementet foreslår å oppheve lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv., samt å oppheve enkelte bestemmelser i lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova) som omhandlar boplikt. Forslaget innebærer at erverv av fast eiendom ikkje lenger vil vere betinget av tillatelse (konsesjon) fra det offentlige. Forslaget innebærer vidare at det ikkje vil vere boplikt ved erverv av landbrukseiendom, og at det heller ikkje kan fastsettes forskrift om nedsatt konsesjonsgrense (såkalt nullgrense) i kommunene. Forslaget styrker den private eiendomsretten, og gjør det enklere å få omsatt eiendom mellom private.»

Bondelaget i Naustdal har gjeve eit innspel der dei oppmodar kommunen til å gje ei fråsegn i saka og der dei gjer greie for sitt fagpolitiske syn i saka.

Vurdering:

Rådmannen legg saka fram for politisk drøfting utan tilråding.

Rådmannen ynskjer å peike på nokre moment som er gjort opp gjennom åra i forvaltninga av dette regelverket i Naustdal:

- Det er ikkje gjeve avslag på konsesjonssøknader, så langt som det er undersøkt, dei siste 15 åra.
- Prisnivået på landbrukseigedommar er «rimeleg» i Naustdal og ligg under prisnivået på «vanlege bustadhus med vanleg tomt» i Naustdal sentrum.
- Det har vore noko fleire landbrukseigedommar i fritt sal i Naustdal dei siste 5-7 åra, enn tidlegare. Nokre år har vi hatt 3 saker med konsesjonshandsaming, nokre år færre og rådmannen anslår at vi har eit snitt på 2 saker pr år.
- Ved sal av enkelteigedommar som er utan buplikt (med dagens lovverk), er det svært varierende om det vert fast busetnad eller ikkje.

Ut frå denne erfaringa synest det å vere liten reguleringseffekt med dagens lovverk i Naustdal, med unntak av effekt av buplikt. Ut frå fagkunnskapen innan eigedoms- og landbruksfag viser det seg at haldningar i bygdesamfunnet til friare omsetning av eigedom er sterkare styrande enn dei til ei kvar tid gjeldande lovreglar. Rådmannen meiner også at det er sannsynleg at ein kan få fleire eigedommar utan fast busetnad med å fjerne buplikta.

Det er generelt ynskjeleg at det er fast busetnad i grendene, og på bruka. Det er hevda at det lettare oppstår konflikt i høve jakt/ jaktrett og beitebruk når enkeltbruk blir brukt som fritids-eigedommar, men dette oppstår allereie med dagens eigedoms- og bruksstruktur, også innanfor dagens lovverk.

Det er uansett verdt å merke seg at landbrukseigedommar sjeldan kjem på sal, anslagsvis vert eigedom omsett med ca 30-50 års mellomrom og dei aller fleste eigedommar vert selde innan slekta/innanfor odelskretsen.

Rådmannen gjer ikkje noko nærare vurdering av konsekvensar av lovforslaget og kjem ikkje med noko tilråding.

TILRÅDING:

08.12.2014 FORMANNSKAPET

VEDTAK:

Naustdal formannskapet støttar ikkje framlegg til endring av konsesjonslov og buplikt

